

I. rusnad og kjeringsrad.

1. Har ikkje nokre klart minne om kva folk brukte var gunnen til at ein kunne vera ein "hardhause" og ein annan vera ein "hase". - Men eg har nok høyrst - og har smitt det og, at den som ikkje var redd vatnet, men vaska seg kvar dag, ikkje i varmt, men i kaldt - og iskaldt - vatn, og bada seg heile året - ute - i sjø eller i ferskt vatn heile året, han vann over sjukdom som han elles ville måtte bukke under for.

Eg kjende ein gut i 1890-åra som gjorde det. - Han hadde gikkfeber, og det året han "gjekk for presten" (1897) kunne han ikkje gå til kyrkja, men reid på ei gammal mer. - Når det var vinter, frast, med gjerne tjukk is på vatnet, så hogg han hol i isen og gjekk under med heile kroppen. Opp igjen snart (sjøhesagt) og kledd på seg. -

Han vart sterkare etter kvart, vark gardbrukar og herads kasserar og levde til han var mellom ~~57~~ 60 og 65 år gl., så kven veit? - Kaldt vatn er godt!

2. Smitte. Folk visste ikkje så mykje om smitte i føre hundvår som seinare. For 150-200 år sidan skreiv ein prest i Skidene's prestegjeld ein langre artikkel som eg har lese (ein topografisk beskriving og delv. etnologisk?) Den er seinare tatt

opp i eit (to?) av dei første hefta av  
 av Rogaland historielag (3. ell. 4)<sup>2)</sup> Der  
~~seier prestem.~~ reknar presten opp mange  
 sjukdomer, og nemner også tesing,  
 "som ikke er smittsom".

4) [Ja, eg har  
 d. var der eg  
 las det?]

Eg har høyrte i min ungdom  
 slutten av føre hundraåret, folk  
 seia at tesing - "var visstnok  
 ikke smittsom, wen. arveleg".

Men der fekk snart rykna at tesing  
 var smittsam. - Eit hus i Akra  
 sokn (den gang var A. annes til skulems  
 p. g.) vart beint fram reire med tesing  
 århundreskiftet (1900) da ingen ville  
 bu i det. - Alle i fam. fekk tesing.

Og - ja, eg kjennet til at folk  
 togg sinebar, "brakaber" i min barn-  
 dom - mot sjukdom (mot smitte?)  
 Dei drakk log av røllikk - som medisin.  
 Ja, eg kjende ein som i den tid drakk  
 den olja som flaut oppå lyse - holken.  
 Det var for han medisin mot tesing.  
Kamfer: Det var også dei som bar  
 ein pose med kamfer på brystet, un-  
 alle plea, og det meiner eg var - for  
 forkjøling og lungebetennelse".

3. Ja, noen hadde nok liggjande  
noen av desse medisinene som her er  
nemnde. - Hadde eg berre visst kos-  
leis dei lekjeråden var samansett, som  
noen av dei "klokaste" i kommunen  
miksa ihop for 60-70 år sidan !!

"Ingeborg Gunnarstad-salven" brukte  
(Ingeborg var frå Skudeneshavn <sup>mange</sup>)

Johan Sandbakken (Ikra sokn) laga  
også ein "god!" salve som vart  
mykje brukt, også her i Skudenes.  
Eg høyrde om han, men kva slag  
"ingredienser" han inneheldt, det visste  
ikkje eg, og visst ikkje andre heller.

Det skulle nok vera ein løyndom.  
Men dokteren som var komen til Sknes  
i den tid hadde sagt: Den salven var  
ikkje te' forakta!

Ei kona hadde levande iglar på eit  
glas med vahr i, og folk søkte råd  
hjá henne. - Også eg frekventerte  
henne ein gong. Igleren fekk drikka  
seg full av blod av lippa mi. -  
Så tok han av, pressa blodet av han-  
og slepte han med i glaset - med ei  
sers alvorleg minne. - Så eg gutungen  
fekk ei sterk tur på at eg ikkje skul-  
te få skurva på lippa meir - om som-  
maren. Men det var ikkje stor hjelp  
i igling - for meg.

Og fleire år etter at var blitt lærar  
sag det ut til å bli "permanent" skurr.

og da var det vitenskapen som gav meg hjelp - varig hjelp: Det var radiumstråle gjennom lippe - i 10 timer på sykehus. - det hjekte.

Brenneverin - med ymse sl. ingrediens

Eg kjemmer til flasker med brenneverin i skapet, men ikkje med ingredienser. - Ordtøket: "Brenneverin og salt er godt for alt", er visst ikkje laga i skudenes, men det har vore i bruk andre stader i landet.

- Ved brannsår: Det skulle vera hjelp i usalt smør på sår. - -

(Eg er om orsaking om eg har skrevet for mykje ~~oppatt~~ av det eg sende inn <sup>med skrive</sup> sist.)

4. ? Nei. Slev er forresten ikkje nokon storgardar i kommunen her, trur eg.

5. Det må i alle fall vera borte i eldre tider, - eller så langt tilbake at det er gløymt nå.

6. Kan ikkje svara på dette, då her i mange hundre år ikkje har vore skog på Karmøy. - (Nå er det planta mange skogfelt)

7. ?

8. Kjenner namnet. - 9. ?

10. ? -

11. ? Ja ferdige medisiner, nafta og kamferdrapar.

12. Har svara før! - 13. Nei.

14. At noen hadde lekjarboken har eg nok svara på før, - sist eg skreiv.

15. Ved nasebløding var det ei

III

5

god råd å leggja. - eller hengja,  
ein stor kald lybjel (nøkkel) bak på  
ryggen mellom akslene, på berre skin-  
net. —

Å nyggja karve skulle vera godt for  
fordøyelsen. — Like eins å drikka  
karvete.

Folke har i gamle dagar trutt at det  
var bra for ei god helse å liggja med  
 nakne ryggen på grønt bjørkelaur. —

Ein som gjorde det — i mi tid — vart elles  
ikkje frisk, men døydde, ikkje lenge etter.

— Med kvaksalvarar og gamle løkjar-  
råder er det slut — her. — Hur eg.

### Lagnaden — sjukdomen — døden.

I min barndom høyrde eg ein mann  
seia: "Dei er heldige dei som får døy  
av saring, for då får dei døy utan smer-  
ter." — Altså, i fire hundraåret tuden-  
de folk både på Lagnaden og på Gud.  
Tidlegare, før kristendomen vart kjend,  
trudde dei helst berre på Lagnaden.  
(«Lagnaden ville det så at me skulle få  
koma i krig —» Kong Sverre Sigurdson)

Dødsdagen var fastsett føreåt, og då  
kunne ein likso vel døy av saring?

Nå har utviklingen ført det med  
seg at folk på Karmøy hur meir på  
Gud enn på Lagnaden. —

Den har også ført til at folk hur meir  
på

6  
Lokjærvijskapen er på kloke koner.

Og her er kjæ nok "mørke fast-land" her nå. - I visse lag av folket er det mørkere i Oslo og i andre byar. -

Helsetilstanden er mykje bedre og aldersgrønsa høgare.

Men ? ? ? ?

Beste helsing!

Didrik Mjølhus.

Syt igjen be om  
orsaking!

D. S.